

Det er viktig at du kjører forsiktig og er merksam på at små born plutselig kan dukke fram. Pass på at gjerde, hekk, buskvekstar, tre, murar eller andre sikthindringar på din eigedom ikkje gjer det vanskeleg å oppdage born og andre trafikkantar.



Tenk også på at utrykkingskjøretøy skal fram.



Med helsing

Lindås kommune.
Teknisk drift, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.
Telefon 56 37 50 00 (sentralbord), Lindås kommune.
www.postmottak@lindas.kommune.no

Trafikktryggleik - ditt ansvar



Gut på trehjuls sykkel – delvis skjult av hekk

Har du tenkt på at hekken og buskane dine kan vere ei trafikkfelle?

Lindås kommune oppfordrar den einsskilte huseigar til å klippe hekk og buskvekstar, samt rydde i kratt langs vegane rundt eigedommen. Dette er særleg viktig i områder, til dømes bustadområde, der mjuke trafikkantar ferdast lang vegen.


Hekk og buskvekstar må ikkje vekse utover grøftekanten eller inn i vegbana, men må klippast ved eigedomsgrensa. Det vil normalt seie minimum 1m frå vegkant eller inntil mur. Det er viktig at hekk og buskvekstar vert klipt ned i svingane og i siktsona til avkjørsler, sjå teikningane på neste side.

Hugs at:


- Hekk må klippast ned til ein høgde på 50cm i siktsoner.
- Greinar skal ikkje henge ut over fortau eller ut i vegbana.
- Greinar må klippast slik at fotgjengarar, syklistar, rullestol brukarar og andre ikkje vert tvunga ut i vegbana.
- Vegvedlikehaldsmaskinar skal ikkje verte hindra av hekkar, greinar eller anna vegetasjon.
- Greinar skal ikkje skjule vegnamneskilt, vegskilt eller veglys langs vegen.

Lindås kommune ønskjer å sikre skulevegane i heile kommunen, og ønskjer at vi saman med innbyggjarane kan gå saman om å minske risikoen for trafikkulykker og auke trafikktryggleik i ditt nærmiljø.

Kommunen utfører vegetasjonsreinsk langs vegane med tungt maskinelt utstyr. Sluttresultatet vert noko grovt, så det er i føremon om huseigar gjer arbeidet sjølv.



Flytt hekk og andre buskvekstar inn på tomta og plant lave buskvekstar med maks høgde på 50cm i sving og siktsona til avkjørsla.



Greinar må ikkje henge lågare enn 4,7m over vegbana og ikkje henge lågare enn 2,5m over fortau. Hekk og buskvekstar må ikkje vekse ut over kommunal grøft og vegbane.

